**Bergsdalen, ein dal som vekslar frå dramatisk oppstigning til fruktbart kulturlandskap, opp mot høgfjellsplatået Hamlagrø, flott for friluftsliv.**

Bergsdalen, a valley of contrasts, from dramatic ascent and through wellmaintained farmland, to the Hamlagrø mountain plateau, excellent for outdoor life.




**Vaksdal kommune** grensar til Modalen, Bergen, Voss, Kvam, Osterøy og Samnanger. Kommunen har ein variert og rik natur, med store fjellområde som endar opp inne i Stølsheimen og Bergsdalsfjella. Jordbruket er ein viktig næring, men Vaksdal er først og fremst industrikommune. Her starta utbygginga av fossefalla og industrireisinga på slutten av forrige hundreåret.
30% av krafta til BKK vert produsert i Vaksdal.

The municipality of **Vaksdal** has common borders with Modalen, Bergen, Voss, Kvam, Osterøy and Samnanger. The district has a varied landscape with mountains extending into Stølsheimen and Bergsdalen. Although agriculture is still important, Vaksdal is primarily an industrial community. Development of hydroelectric power and industry started towards the end of the nineteenth century.

**Avstander/Distances:**

| | |
|---|---|
| Bergen-Trengereid: | 32 km |
| Trengereid-Dale: | 27 « |
| Dale-Bergsdalen-Bulken: | 45 « |
| Bulken-Trengereid: | 57 « |



*Storefossdammen.* Foto: Sveinung Klyve



*Hamlagrøvatnet.* Foto: Sveinung Klyve

## Reiserute

Frå Bergen følgjer vi E16 til rundkøyringa ved Trengereid/informasjonssenter.

Frå Trengereid vidare på E16 langs Veafjorden med utsikt mot Osterøy, den største innlandsøya i Nord-Europa. Når ein kjem ut av andre tunnelen etter Trengereid, ser ein over til Bruvik på Osterøy., og rett utanfor ligg Ulvnesøy med ein open avdeling av Bergen Kretsfengsel. Ein passerar tettstadene Vaksdal (**1**) og Stanghelle (**2**) på veg mot kommunesentret Dale (**3**).

Stamvegen i noverande form mellom Dale og Voss opna i 1992, men turen vår går gamle vegen over Hamlagrø.

Køyr inn i Dale sentrum (**3**), forbi kyrkja og vidare gjennom tunnelen, langs Fv311. Legg merke til det flotte byggingsarbeidet - vegen snirklar seg smal og bratt og er eit døme på stor vegbyggjarkunst. Storefossdammen, som ligg majestetisk på toppen, er også eit bevis på gamal ingeniørkunst (**4**).

## Route

Take E16 from Bergen to the roundabout by Trengereid information centre.

From Trengereid you continue on E16 along Veafjorden. Across the fjord is Osterøy, the largest ”inland island” in Northern Europe. Emerging from the second tunnel after Trengereid you can see Bruvik on the island. The seemingly idyllic islet in front of Bruvik is actually a penitentiary, a division of the Bergen District Prison. Soon you pass the villages of Vaksdal (**1**) and Stanghelle (**2**) before you reach the municipal centre at Dale (**3**).

The E16 between Dale and Voss was opened in 1992, but our tour follows the old road over the mountain past Hamlagrø.

Drive into Dale centre (**3**), past the church, through the tunnel and onto Fv311 up the valley. The road is cut into the vertical cliff in parts, and is supported by magnificent masonry walls. The narrow road climbs in twists and turns to the dam at Storefossen (**4**).

Bergsdalen endar opp ved Høgfjellplatået Hamlagrø **(6)**, eit populært hytteområde både sommar og vinter.

Bergsdalsvassdraget er kraftregulert av BKK. Dette ser du ved ulike kraftmagasin og tersklar i elva oppover. Ved Hodnaberg ser ein røyrgata opp til Torfinnsvatnet.

Ved Hamlagrøvatnet går grensa til Voss kommune. Vatnet er prega av kraftutbygging og er til tider svært nedtappa. Turen fortset nedover mot Bulken, ved Narheimsgjelet er det flott utsikt over ein del av Vossebygda og fossen Brudesløret.

Ta over brua på Bulken og ned til E16, vidare til høgre mot Evanger **(7),** Bolstad **(8),** Dale og Bergen.

## Stader og ymse av interesse:

(**1**) Tettstaden **Vaksdal,** som ligg ved Veafjorden, er bygd opp omkring Vaksdal Mølle. Den eldste bygningen frå 1871 er freda. Området rundt møllа, med parken, det gamle kvernhuset og funksjonærbustader er vel verdt ein spasertur.

(**2**) Tettstaden **Stanghelle,** som etter kvart har blitt eit stort nybyggarområde, ligg flott til ved Veafjorden. Her er offentleg badeplass med toalett, samt lett adkomst til natursti som gjev deg gode kunnskaper om edellauvskogen i området.

(**3**) Kommunesentret **Dale** ligg mellom høge og fascinerande fjell. Tettstaden er bygd opp omkring hjørnesteinsbedriftene Dale A/S og Dale Garn og trikotasje. Sistnemnde har eige fabrikkutsal, kor bl.a. dei kjente VM- og OL-gensarane kan kjøpast. Dale har eit kraftmiljø heilt tilbake frå 1920-åra. I den gamle klosterliknande bygninga frå 1927 har Bergen Kommunale Kraftverk, BKK bygd opp eit Energisenter, som gjev deg eit levande innblikk i temminga av fossekraft og utnyttinga av ulike former for energi.

(**4**) Storefossdammen. Tre kraftverkstasjonar finn me i Bergsdalen: Fosse, Kaldestad og Hodnaberg kraftverk.

**(5)** Bergsdalen er prega av optimistiske bønder, nye hus, nye driftsbygningar og mykje nydyrking. Siste nytt i dalen er at bøndene har gått saman om eit bio-brenselanlegg som er bygd på Dale. På Rødland er det eit nytt hyttefelt og Bergsdalen er eit eldorado for fotturar med gamle ferdavegar mot Samnanger, Vaksdal og Bolstad, og merka turstiar.

På Lid, sentrum i dalen, finn ein kyrkje, skule og ungdomshus i tillegg til gardsturisme. På garden Lid kan ein kjøpe jordbær av beste kvalitet heilt ut i september/oktober.

**(6)** Hamlagrø er eit gamalt stølsområde. Her var post, hotell og båtrute over vatnet i sommarhalvåret.

**(7)** Bygda Evanger var kommunesenter i gamle Evanger kommune, nå ein del av Voss kommune. Her er pølsefabrikk med tradisjonsrik spekemat, husflidutsal og kafe.

**(8)** Bygda Bolstad er kjent for sin vakre julegran på 30 meter. I kjølvatnet av kulturminnestafetten i 1997 er det no planar om å opna eit flåte-museum til minne om tømmerflåtane som vart nytta til å frakte tømmer frå Voss ut Osterfjorden og til Bergen.

Etter Bolstad ser ein fossen Tyssen, som er ein del av Øvstedals-vassdraget på den andre sida av Bolstadfjorden. Den veglause garden Furnes ligg litt lengre mot vest og her nyttar bebuarane hydrokopter (vassjet-båt) over isen om vinteren.

The valley ends on the mountain plateau at Hamlagrø **(7)**. This is a very popular area for leisure cabins, skiing, fishing and hiking.

At Hamlagrø you cross into the municipality of Voss. The lake is part of a large hydroelectric power scheme and is often nearly empty. The tour continues to Bulken, and in the steep ravine at Narheim there is a fine view of parts of Voss and the waterfall Brudesløret (literally:"bridal veil").

Cross the bridge at Bulken and turn right to the E16. Turn right again here and continue on E16 to Evanger **(8)**, Bolstad **(9)**, Dale and Bergen.

## Places of interest and attractions:

**(1) Vaksdal** village by the Veafjord has developed around Vaksdal Mølle, one of the oldest and largest flourmills in Norway. The oldest building is from 1871 and is listed. Nearby you find a park, an old water-driven mill and several unique managerial residences. An interesting walk.

**(2)** The **Stanghelle** village has grown rapidly in recent years with several new residential areas. It is beautifully situated by Veafjorden and has a public beach with toilets. A fine nature walk is easily reached and gives details about the special forest in the area.

**(3) Dale**, the community centre, is surrounded by magnificent mountains and developed around the textile mills Dale A/S and Dale Garn & Trikotasje. The latter has a factory outlet where you can buy the famous VM- and OL- (World Champ and Olympic) sweaters. Since 1927 Dale has also been a centre for production of electric power. In the old power station (it looks a bit like old abbey), the power company (BKK) has developed an Energy Centre where visitors are told the story of how the waterfalls were tamed and how various energy sources are being utilised today.

**(4) Storefossen Dam**. This is the catch basin for the power station at Dale, but the same water actually drives three more power stations in Bergsdalen, at Hodnaberg, Fosse and Kaldestad. The dam is built with hewn rock and is another example of excellent engineering from an earlier time.

**(5)** In **Bergsdalen** you can clearly see the signs of a vibrant agricultural community; new cultivation and new farmhouses, barns, outbuildings and machinery. Several of the farmers have jointly established a new company for the production of bio-fuel. At Rødland there is a new area for leisure cabins, and the entire valley is replete with footpaths. There are old travel trails (some of them marked) to the districts of Samnanger, Vaksdal and Bolstad.
Lid is the centre in the valley with church, school and local meeting hall. Farm tourism is well established, and at Lid Farm you can buy excellent strawberries as late as September/October.

**(6) Hamlagrø** is an area with many old mountain pastures, barns, milking-sheds and shealings for milkmaids. During summer there was postal service, boat service on the lake and even a small hotel. It is now a favourite area for leisure cabins.

**(7) Evanger** village was once the centre of a small municipality, now absorbed by Voss. The sausage factory here makes traditional, cured and smoked sausages and other meat products. There is an arts and crafts shop and a cafe.

**(8)** The **Bolstad** hamlet is known for its exceptionally beautiful Christmas tree, 30 metres high. This is also where the timber from Voss came down the river and was assembled into great rafts for the trip out the Osterfjord to Bergen. A museum will soon feature full size rafts and other exhibits highlighting the old timber transport.

Shortly after Bolstad you can see the Tyssen waterfall on the other side of Bolstadfjorden. This waterfall is part of the protected watershed in Øvstedal and Hesjedalen. On the same side further west, there is a small farm called Furnes. It has no roads and is reached by boat in summer and a modified swamp boat on the thin ice during winter.